

- Faktafeil: Skoræ er Åseral Høgaste fjell, ikkje det sørlegaste over 1000 meter. Ca. 1,8 km lenger sør er det ein topp nord for Storevatn som er 1010 meter.

- Vi meiner at Ljosland Fjellstove er den rette plassen å plassere hovedinformasjons portalen på Ljosland. Dette området utgjer sentrumsdanning på Ljosland og all trafikk til verneområdet må passera forbi her. Eit anna viktig moment er at Ljosland Fjellhage, som formidler kunnskap om fjellfloraen i verneområdet, er plassert ved sida av Ljosland Fjellstove.

- Plassering av ein informasjonsportal her vil vere med på å gi dei vitjande ei betre forståing og oppleving av fjellfloraen i verneområdet. Fjellfloraen i verneområdet er derfor eit viktig tema som kan formidlast på ein god måte i dette området. Det vil også vere med på å auke verdiskapinga for Ljosland Fjellstove som held ope heile året i gjennom.

- Villrein og villgåing

Ljosland har hatt stor positiv utvikling av hytteutbygging og sikra arbeidsplassar og inntekt til gardane. Derfor er det viktig å skåna dei viktige villreinsområdene ved å bygga fleire og betre løyper der det ikkje er til hinder for reinen. Det er derfor viktig å informera om sårbare område for reinen. I tillegg akseptera løyper i område i verneområdet der det ikkje vil påvirka reinen negativt.

-Utmarksbasert reiseliv Ljosland

Vi gjer også merksam på at det er setta av ei tomt til utmarksbasert reiseliv på Ljosland (ref. pkt 2.3 i reguleringsbestemmelser for Områderegulering Farevassknuten Ljosland, Åseral Kommune -Plan ID 10262011 0066). I dette høvet planlegg grunneigar å sette i gang eit forprosjekt.

Målet er å utvikle eit konsept som skal vere basert på ein god næringsmessig bruk og forvaltning av utmarksressursene i tråd med landskapsvern formålet.

Vi meiner at eit slikt konsept kan utviklast og etablerast i samsvar med overordna politiske føringar og at det er eit ønskeleg tiltak for å realisere statleg politikk knytta til distriktsutvikling og til næringsmessig bruk av større verneområder. Vi ber om at dette blir tatt høgde for i besøksstrategien for SVR.

- Fjellgarden Pytten

Dette er ein stad som er mykje vitja. Og garden blir meir trafikkert i framtida med veg rundt Langevatn og nye hyttefelt på Ljosland. Her må me òg leggja til rette for meir sommar- og vintertrafikk.

Ljosland utmarkslag ser positivt på eit nytt info.skilt om verneområdet der det blir informert om reinens atferd og bruk av heia.

Me vil gjerne hjelpa til med å finna ein plass til skiltet.

Mvh Ljosland utmarkslag  
v/ Jan Ove Pytten Flodquist